LINDÅS KOMMUNE
Teknisk drift

Fredrik Skare Seim
Sollia 46
5912 SEIM

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Linda Folkestad | 06.08.2015 |
| Vår: 15/767 - 15/26018 | Linda.Folkestad@lindas.kommune.no | |

# Endring av dispensasjonsløyve byggegrense mot kommunal veg - gbnr 170/8 - Vatne - garasje

Teknisk drift syner til e-post motteke 06.08.2015 og telefonsamtale 05.08.2015 vedkomande ønskje om å få endre plassering av garasje gitt i løyve datert 17.03.2015. Formål med endring av plassering er å bevare sikt til Seimsvatnet for gbnr 170/5.

## **Vedtak:**

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom tiltak og midt kommunal veg skal være minimum 9,0 meter.
- Ei føresetnad for flytting av garasje som omsøkt er at det vert gitt endringsløyve etter plan og bygningslova. Endringsløyve skal ligge føre før oppføring av garasjen.
- Avkjørsle skal opparbeidast slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», Veglova §§40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til svingradius, sikt, drenering under avkjørsle, samt at ein skal snu på eigen grunn. Siktsoner skal ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå.

Det er med heimel i Veglova §§ 29, 40-43, forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», samt vegnormal N100 at vegmynde skal setje krav til tiltak langs offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar De har ovanfor eventuelle grunneigarar. Løyve er gjeve i samsvar med gjeldande regelverk og på vilkår som nemnt ovanfor.

**Vi gjer merksam på at det må søkjast byggesak om endringsløyve etter plan og bygningslova for oppføring av garasje med ny plassering.**

## Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

## Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkommande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er gunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjede ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.
Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Nytt situasjonskart gbnr170-8 - Vatne garasje

**Kopi til:**
Lindås kommune ved byggesak
Fagsjef veg

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Fredrik Skare Seim | Sollia 46 | 5912 | SEIM |